

RV. 565, HP. 1  
PARSELL : HILLAND - ALVERSTRAUMEN  
LINDÅS KOMMUNE

FRAMLEGG TIL REGULERINGSFØRESEGNER  
DATO : 15. FEBRUAR 1999 REVISJON A : 14. DESEMBER 1999

**§1**  
**GENEREKT**

1.1 Desse regulerings-føresegnerne gjeld for det området som på plankartet er markert med reguleringsgrense/planavgrensing (Sjå teikn.nr 01 og 02 i målestokk 1:1000, alle datert 15.02.99 og revidert 14.12.99).

1.2 Dette området skal regulerast til følgjande føremål :

**1. BYGGJEOMRÅDE**

- Bustad

**3. TRAFIKKOMRÅDE (OFFENTLEG)**

- Køyreveg
- Gang- og sykkelveg, fortau
- Anna trafikkareal

**6. SPESIALOMRÅDE**

- Frisiktzone
- Privat avkjørsle/veg

**7. FELLESOMRÅDE**

- Felles avkjørsle/veg

1.3 Kommunen kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå reguleringsplanen og/eller desse regulerings-føresegnerne.

1.4 Etter at denne reguleringsplanen, med tilhøyrande reguleringsføresegner er stadfesta, er det ikkje høve til å inngå privat-rettslege avtalar som er i strid med reguleringsplanen og reguleringsføresegnerne.

## §2 BYGGJEOMRÅDE

- 2.1 I byggjeområde B2 kan det førast opp bustader med utnyttingsgrad-TU=25%. Byggjegrense er 30 m fra senterlinje av riksvegen, men alle eksisterende bygninger vil inngå i planen, øg dei som ligg nærmere enn 30 m.

## §3 TRAFIKKOMRÅDE (OFFENTLEG)

- 3.1 I trafikkområde kan følgjande etablerast :
- Køyreveg
  - Gang- og sykkelveg, fortau
  - Anna trafikkareal
- 3.2 Alle terrenngrep i samband med veganlegg skal utførast mest mogleg forsiktig og med omtanke for terrenget. Noverande vegetasjon skal bevarast i størst mogleg utstrekning, øg under anleggsperioden. *Veganlegget skal setjast i stand og revegeterast slik at veganlegget vert tilpassa omgjevnaden i samsvar med vedtekter om estetikk i Plan- og bygningslova.*
- 3.3 *Det skal nyttast steinmur som støttemur i størst mogleg grad. Der steinmur ikkje er teknisk mogleg, kan tradisjonell fylling nyttast.*

## §4 SPESIALOMRÅDE

- 4.1 I spesialområde kan følgjande etablerast :
- Frisiktzone
  - Privat avkøyrsle/veg
- 4.2 I område for frisiktsoner skal det til eikvar tid vere fri sikt i ei høgd lik 50 cm over vegoverflata til dei tilstøytande vegane.
- 4.3 Private avkøyrsler og vegar skal opparbeidast som vist på plankartet. Det må etablerast naudsynt drenering gjennom avkøyrsla, samt tilstrekkeleg frisikt som vist på plankartet.

## §5 FELLESOMRÅDE

5.1 I fellesområde kan følgjande etablerast :

- Felles avkøyrsle/veg

5.2 Felles avkøyrsler og vegar skal opparbeidast som vist på plankartet. Det må etablerast naudsynt drenering gjennom avkøyrsla, samt tilstrekkeleg frisikt som vist på plankartet. Dette omfatter avkøyrsle og veg frå Gamle Hillandsvegen til Gnr 134 Bnr 11 og 120 og 107 og 96, og til Gnr 133 Bnr 18 og 39 og 63, og i profil nr 1470 til Gnr 133 Bnr 57 og 97 og 53.

Lindås kommune  
Teknisk sjef

Isdalstø, 14. desember 1999